



Til  
BBU - Seksjon byutvikling (Arbeidssted)

**Fagnotat**

Vår referanse: PLAN-2023/16142-10  
Saksbehandlar: Malin Olivia Skarbø Sjåstad Hovland  
Dato: 27.02.2024

Frå  
Plan- og bygningsetaten

**FORSLAG OM OPPSTART AV AREALPLANLEGGING**  
**Detaljreguleringsplan Laksevåg, Gnr. 143, Bnr. 211 m. fl.,**  
**Fv5208/Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei, Reguleringsplan,**  
**Arealplan-ID 71440000**



Kva saka gjeld

Vestland Fylkeskommune ønskjer å detaljregulere fylkesveg 5208, Kjøkkelvikveien, frå Sotravegen til sjøområdet ved Fæsterhuset (ca. 2 km.) for å legge til rette for gang- og sykkelveg. Sykkelvegprosjektet er inkludert i Miljøløftet ([prosjektark](#)) og er ein del av Bergen kommune sin [sykkelstrategi \(2019-2030\)](#)

Dagens tilbod for mjuke trafikantar er ikkje tilfredsstillande, med varierande breidde på fortau, fleire sideskifte og manglande tilgjenge. Den nordlege halvdelen av vegen har ingen fortau i det heile. Tilboden er ikkje etter dagens standard og tilfredsstiller ikkje dei krava som er sett i eit tett utbygd område med høg trafikkbelastning. I tillegg er det ein stor del barn og unge som skal ferdast til og frå Kjøkkelvik barne- og ungdomskule og fritidsaktivitetar.

I tillegg til gange- og sykelløysing skal det leggast til rette for vassleidning som skal forsyne delar av Askøy med drikkevatn. Dette er tiltak som i seg sjølv ikkje utløyser krav til reguleringsplan, men ein ønskjer å samkøyre bygginga av tiltaka for å minimere ulempene for nærområdet.

Aktuelle tema i planlegginga er forventa å vere born og unge sine interesser, arealknappheit, kulturminne og dimensjonering av samferdsleanlegg.



Figur 1.t.v: Illustrasjon (google 2024). T.h: føreslått plangrense synt i fugleperspektiv (Kartverket)

#### Forslag til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslovens §§ 12-3 og 12-8 startast det opp reguleringsplanarbeid for *Laksevåg, gnr. 143 bnr. 211 m.fl. fv 5208 Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei.*

Med helsing  
Plan- og bygningsetaten

**Hege Løtveit**  
Avdelingsleder

**Tarje Iversen Wanvik**  
Etatsdirektør

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk.*

# SAKSUTGREIING

## Innhold

FORSLAG OM OPPSTART AV AREALPLANLEGGING.....	1
Detaljreguleringssplan Laksevåg, Gnr. 143, Bnr. 211 m. fl., Fv5208/Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei,	
Reguleringsplan, Arealplan-ID 71440000 .....	1
Kva saka gjeld .....	1
Vestland Fylkeskommune ønskjer å detaljregulere fylkesveg 5208, Kjøkkelvikveien, frå Sotravegen til sjøområdet ved Fæsterhuset (ca. 2 km.) for å legge til rette for gang- og sykkelveg. Sykkelvegprosjektet er inkludert i Miljøloftet (prosjektark) og er ein del av Bergen kommune sin sykkelstrategi (2019-2030) .....	1
Forslag til vedtak: .....	2
I medhald av plan- og bygningslovens §§ 12-3 og 12-8 startast det opp reguleringssplanarbeid for <i>Laksevåg, gnr. 143 bnr. 211 m.fl. fv 5208 Kjøkkelvikveien, gang og sykkelvei.</i> .....	2
Innhold .....	3
Vedlegg: .....	3
Nøkkellopplysingar.....	5
Bakgrunn og målsetnad .....	5
Forslag til planavgrensing .....	8
Overordna planar og føringer.....	9
Litt om forventa viktige plantema: .....	11
Kulturminne- og miljø.....	11
Barn og unge sine interesser.....	11
Naturmangfald .....	12
Skal ivaretakast og kommenterast i alle sakar, jf. Naturmangfaldlova. Det er observert truga og sårbare artar i området i samband med synfaring på staden. Det er òg gjort registreringar i Artsdatabanken til Naturverndepartementet (vipe, grønfink, ærfugl og...12 hettemåke).....	12
Overvasshandtering .....	12
Spesielt om konsekvensutgreiing:.....	13
Planprosessen .....	13
Organisering og framdrift .....	13
Oppsummering og konklusjon.....	14

## Vedlegg:

- A. Varslingsgrense 23.01.2024
- B. Analyseområde
- C. Forprosjekt statens vegvesen 13.10.2014

- D. Fv. 5208 Stedsanalyse01
- E. Skisse, planinitiativ, komprimert
- F. Vurdering av KU
- G. Informasjon om vassleidning 17.11.2023
- H. Bergensleidning Askøy kommune 01.07.2021
- I. Planinitiativ 05.02.2024

Fullstendig dokumentoversikt og saksgang, se <http://www.bergen.kommune.no/innsynpb/> snr PLAN-2023/16142

## Nøkkellopplysingar

Bydel	<i>Laksevåg</i>
Gardsnummer/bruksnummer	143/ 211 mfl.
Gjeldande planstatus	Stort sett regulert og utbygd
Grunneigarar (sentrale)	Vestland Fylkeskommune, Bergen kommune, noko privat
Plankonsulent	Norconsult AS
Hovudføremål	Sykkelveg, fortau
Andre aktuelle arealformål	Veg, grøntområde
Aktuelle problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Born og unge sine interesser</li> <li>• Kulturminne</li> <li>• Dimensjonering av samferdsleanlegg</li> <li>• Hastighet</li> <li>• Universell utforming</li> </ul>
Konsekvensutgreiingsplikt	nei

## Bakgrunn og målsetnad

Kjøkkelvikdalen er eit tidlegare industriområde kor det i dei seinare åra har blitt bygd eit høgt tal bustader, samstundes som det framleis er ein relativt høg del tunge køyretøy.

Dagens trafikksystem tar ikkje omsyn til den store auka i mjuke trafikantar som er kome, og at vegen nyttast som skuleveg. Det går fortau langs den sørlege delen av Kjøkkelvikveien, men her er det fleire systemskifte, til tider smalt og det er ikkje universelt utforma. Nordlege halvdel har ingen tilbod for mjuke trafikantar. Kjøkkelvik idrettsplass er lokalisert nord i området, så her er det potensielt svært mange mindreårige som ferdes i trafikken. Ein kan sjå av fig. 2 at grøfta til venstre i biletet blir nytta som gangareal.



Figur 2. Illustrasjon. Her står ein i fylkesvegen, og ser sørover til idrettsplassen og Kjøkkelvika.

Det er fleire målsetnader med reguleringsplanen:

Sykkelveg, inkludert hovedsykkelrute mot Askøy, er eit prosjekt som har forankring i Miljøløftet. Dagens sykkelrute mellom kommunane går i dag i same trasé, men det er ikkje tilrettelagt spesifikt for sykkel.


Ein ser føre seg å kople ny sykkelveg på eksisterande sykkelfelt som går frå Vestkanten til Kjøkkelvikveien via Lyderhornsveien, og deretter følgje Kjøkkelvikveien fram til han tar av til Sundby-Hvorups vei og fortset mot Askøybrua. Denne planen vil avsluttast etter avkjøring til Sundby-Hvorups vei. Frå Sundby-Hvorups vei til Fæsterhuset kan ein få ei anna sykkeløysing grunna arealknappheit, og at det er venta færre brukarar.

Fortau: Dagens tilbod til gåande er mangelfullt for store delar av Kjøkkelvikveien. Fortauet er smalt fleire stader, og frå avkjørsle til Krabbedalen og nordover til Kjøkkelvik idrettsplass er det ikkje fortau i det heile. Det er òg hyppige systemskifte, både mellom enkelt- og tosidig fortau og kva side av vegen fortauet ligg på. Reguleringsplanen vil altså legge til rette for eit viktig, trygt tilbod for mjuke trafikantar mellom bustadområda og målpunkt som skule, barnehage og idrettsplass. I tillegg vil ein sjå på kopling av snarvegar og gongevegar (gangforbindigar), og på universell utforming i anlegget.

Planen vil gi betre samanheng i gang- og sykkeltilbodet langs Kjøkkelvikveien, og gjere det meir attraktivt å gå.

Drikkevassleidning til Askøy: Bergen kommune skal levere drikkevatn til eit område i Askøy kommune. Vedlagt dokument skildra moglege utleggingspunkt til sjø i Kjøkkelvika. Sjølv om tiltak på vassleidningsnettet i seg sjølv ikkje utløyser krav til plan etter plan- og bygningslova


vil ei samkøring av prosjekta vere fordelaktig i forhold til byggetid og ulempene dette fører med seg for nærområdet.



Figur 3. Det er fire alternativ for utføring av vassleidning til sjø.

## Forslag til planavgrensing

Tiltaka som det vert planlagt for er hovudsakleg langs eksisterande fylkesveg 5208. Det vert varsle eit raust område slik at ein sikra nok areal for kryssløysingar, eventuelle omleggingar osb., og det er teke omsyn til eksisterande eigedomsgrenser og gjeldande reguleringsplanar. Det er venta at plangrensa blir innskrenka til 1. gongs handsaming.




Figur 4. Føreslått plangrense ved oppstart. Illustrasjon utarbeidd av Vestland Fylkeskommune

I sør er kryssområdet til Lyderhornsvegen blitt inkludert, men det er berre aktuelt med eventuelle små tiltak for betre trafikktryggleiken.

## Overordna planar og føringar

### Kommuneplan/ kommunedelplan

I kommuneplanen sin arealdel av 2018 er planområdet (blått område i fig. 5) hovudsakleg innanfor *ytre fortettingssone* og *øvrig byggesone*. Det er òg noko grøntareal som ligg inntil planområdet.




Figur 5. Utklipp fra kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2018. Planområdet er synt med blå farge.

I nord ligg planområdet innanfor faresone «aks somhetsområde for steinsprang, jord- og flomskred og snøskred». Oppstartsvarsel vil bli sendt til NVE for vurdering.

Heilt i nord ligg Kjøkkelvikveien inntil eller overlappar omsynssone for funksjonell strandsone. Det er aktuelt å utvide tverrsnittet på vegen for å få plass til fortau, men dette er ikke vurdert å vere i strid med omsynet. Det er heller ikke venta at vassleidninga vil redusere funksjonaliteten utover sjølve anleggsperioden.

Vurderinga er at planen er i tråd med kommuneplanen sin arealdel.

Planområdet overlappar bandleggingssona til kommunedelplan for Rv 555 Storavatnet-Liavatnet. (skravert område i fig. 6).



Figur 6. Utsnitt som syner føreslått plangrense (turkis) i forhold til kommunedelplan for rv 555 (skravert område)

Føresegns 3-1 seier at «inntil reguleringsplan er vedtatt, tillates ikke tiltak etter pbl. § 1-6, når det kan vanskeliggjøre planlegging og utbygging av Rv 555 med tilhørende anlegg. Eventuelle søknader om tiltak innenfor båndleggingssonens skal forelegges statens vegvesen for uttale, før vedtak fattes».

Forslagsstiller og PBE har vore i dialog med States vegvesen, og det er ikke venta at planen det no kan bli gjeve oppstart til skal få konsekvensar for anlegget til vegvesenet. Sjå vedlagt referat frå møte 4.1.24.

#### Reguleringsplanar:

Planområdet er for det meste regulert frå før gjennom eldre, ferdig utbygde planar. Desse planane er for det meste bustadplanar, og det er gjort fleire endringar, spesielt ved avkjøyrslar og kryss.

Vurderinga er at planønsket ikkje kjem i konflikt med gjeldande reguleringsplanar, då desse for det meste er utbygd, og har samanfallande arealføremål med det som det planleggast for.

Unntaket er enkelte plassar, kor det kan bli aktuelt å gå noko inn i bustadområde eller grøntareal for å få med tilstrekkeleg areal til sykkelveg med fortau.

#### Miljøløftet:

Prosjektet er finansiert gjennom og inkludert i prosjektporlefølja til Miljøløftet. Miljøløftet skriv følgjande om prosjektet på nettsida si:

*Prosjektet vil etablere eit betre tilbod til mjuke trafikantar langs Kjøkkelvikveien mellom Kjøkkelvik skole og Fæsterhuset. Haldeplassar for buss skal også oppgraderast på strekninga.*

*Strekninga har delvis fortau og gang- og sykkelveg i dag, men dagens tilbod er av varierande kvalitet. Situasjonen rundt skulen er også uthygg, då det ligg skule på begge sider av Kjøkkelvikvegen.*

*Hovudmålet er å sikre trygg skuleveg og trygge tilhøve kring skuleområdet (løysingar for kryssing av fylkesveg mm.), ved å etablere samanhengande og eintydig tilbod til mjuke trafikantar, og å sikre universell utforming av haldeplassar for buss.*

*Konkret kva løysing som skal byggast og utstrekning blir avklart gjennom pågående reguleringsplanarbeid. Strekninga er om lag 1,1 km.*

*Strekninga ligg i utbyggingsfase 2 i Sykkelstrategi for Bergen. Potensialet for syklande i døgnet er om lag 300 langs det meste av strekninga.*

#### Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030

Sykkelstrategi for Bergen er eit politisk vedteke styringsverktøy for å planlegge og bygge sykkeltilpassa infrastruktur i Bergen, med hovudmål om å auke sykkelandelen i Bergen. Eit samanhengande og (opplevd) trygt sykkelnett vil få fleire til å velje sykkel framfor bil (og kollektiv), spesielt for turar opp mot fem km (sykkelstrategien s. 21).

#### **Litt om forventa viktige plantema:**

##### Kulturminne- og miljø

I planområdet/ analyseområdet ligg Fæsterhuset (sefrak- registrert enkeltminne) og "historisk vegfar". Det skal utarbeidast kulturminnedokumentasjon som skal være lagt fram før Byantikvaren for uttale før planforslaget sendast til 1. gangs behandling. Byantikvaren hadde følgjande merknad til planinitiativet:


*Planinitiativet viser at det er lagt opp til å regulere ny sykkelvei. Byantikvaren er ikke prinsipielt negativ til dette, men ber om at tiltakene tar hensyn til kulturmiljøverdiene i området og at tiltakene ikke medfører opplevelsen av mer veiareal.*

##### Barn og unge sine interesser


Barn og unge sine interesser skal takast i vare. Innanfor planområdet er mellom anna Kjøkkelvik skule, Læringsverkstedet Kjøkkelvik barnehage og Kjøkkelvik idrettsplass. Anlegga ligg tett opp mot vegen fleire stadar, og det blir ikkje høve til å omfordеле leikeareal til samferdselsareal utan å samstundes erstatte med areal av lik eller betre kvalitet og storleik. Det takast sikte på å gjennomføre barnetråkkregistrering i samarbeid med Kjøkkelvik skule. For info vedrørande barnetråkk; sjå [www.barnetrakk.no](http://www.barnetrakk.no).

## Naturmangfald

Skal ivaretakast og kommenterast i alle sakar, jf. Naturmangfaldlova. Det er observert truga og sårbare arter i området i samband med synfaring på staden. Det er også gjort registreringar i Artsdatabanken til Naturverndepartementet (vipe, grønfink, ærfugl og hettemåke).



Figur 6. Figur syner arter av særleg stor forvaltningsinteresse. Grøn rekktangel representerer planområdet. Kjelde: Miljødirektoratet



Figur 7. Figur syner arter av stor forvaltningsinteresse. Grøn rekktangel representerer planområdet. Kjelde: Miljødirektoratet

I samband med planarbeidet må det bli utarbeida ei vurdering av plangrep opp mot sårbare arter.

## Overvasshandtering

Bergen vann opplyser at det er overvassproblematikk knytt til området.

VLFK er vegmynde for fylkesvegen, og opplyser om at Kjøkkelvikveien ikkje har tilstrekkeleg tverrfall til vassavrenning frå vegbana. I planprosessen vil både lukka og opne løysningar for overvasshandtering bli vurdert. Overvasshandtering blir eit sentralt tema i planfasen.

Overvatn skal handterast lokalt. Det må utarbeidast VA-rammeplan. VA-rammeplanen skal vere komplett og det skal ligge føre positive uttale frå Bergen Vann før planforslaget sendast til 1. gongs behandling

## **Spesielt om konsekvensutgreiing:**

Saksutgreiinga til planen skal gje eit objektivt og forsvarleg kunnskapsgrunnlag for det politiske vedtaket. Lovverket stiller krav til saksutgreiinga m.a. i fvl. §17 og i pbl. § 4.2, første ledd.

For særskilte tiltak, eller dersom planen kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, er det strengare krav til utgreiing (konsekvensutgreiing). Kva planar og tiltak dette gjeld blir omfatta av Forskrift om konsekvensutredninger, §§ 6-8.

Tiltaka etter denne planen blir ikkje omfatta av vedlegg I eller II, og vurderinga blir derfor om tiltaka samla sett kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. §10.

Dei ønska tiltaka er i tråd med KPA, og det er ingen konflikt med andre overordna planar eller retningsliner. Ønska arealføremål vil heller ikkje føre med seg større risiko for ulukker eller forureining av kritisk infrastruktur.

Samla vurdering er altså at arealplanen ikkje må konsekvensutgreiast, *men det må bli føretatt ei vurdering opp mot sårbare artar*.

## **Planprosessen**

Bergen kommune melder nå oppstart av arbeidet med ein offentleg reguleringsplan. Dette er den innleiande fasa av planarbeidet, og det er her moglegheita for å påverke innhaldet i planen er størst. Fagetaten oppfordrar alle som har synspunkt i saka om å melde dette skriftleg til kommunen.

Planforslaget blir deretter lagt ut til formell offentleg høyring, som er den neste hovudfasen i planprosessen. Alle råka partar vil bli varsle.

Merknadane frå høyringa vil bli gjennomgått og summert opp, og eventuelle endringar arbeidast inn i planen som deretter går til politisk sluttbehandling. Etter bystyret si handsaming vil råka partar på nytt bli varsle med informasjon om vedtak og tilgjenge til klage.

Det kan pårekna seg at planprosessen vil ta to år frå oppstartmelding til vedteke plan, viss det ikkje oppstår uventa utfordringar.

Saksgongen kan følgjast på kommunen sine nettsider:

<http://www3.bergen.kommune.no/bksak/default.asp>

## **Organisering og framdrift**

Vestland fylkeskommune er forslagsstillar til planen med Norconsult som konsulent. Bergen vann og Askøy kommune bidrar til sine interesseområde. Plan- og bygningsetaten skal vere ein aktiv deltagar i planlegginga, og bidra med fagleg kompetanse innan samferdslefeltet, samt koordinering av Bergen kommune sine fagressursar. Bergen kommune er også planmynde. Problemstillingar som plangrep skal drøftast og så langt som rå avklarast undervegs, før 1. gongs handsaming.

## Framdrift

Forslagsstiller har levert utkast til framdriftsplan:

Figur 8. Framdriftsplan, Vestland fylkeskommune, planinitiativ s. 23

Dato for oppstartsmøte	Haust 2023
Varsel om oppstart av planarbeid/planprogram	Siste kvartal 2023/ første kvartal 2024
Oversending av planprogram	Ikkje behov
Fastsett planprogram	Ikkje behov
Høyring og offentleg ettersyn av planutkast	vinter 2025
Oversending til kommunal handsaming	Vår/sommar 2025
Vedtak	Haust 2025

## **Oppsummering og konklusjon**

Ønska for regulering er i tråd med overordna planar og strategiar, vil betre trafikktryggleiken i området, samt bidra til å communal målsetnad om høgare sykkeldel og nullvekst i biltrafikk. Planoppstart tilrådast.